



Ein svært koseleg og velsmakande avslutningsmiddag for redaktør Ola Matti Mathisen.

Under hovudprogrammet 17.mai vart redaktør Ola Matti Mathisen takka og overrekk blomar for 10 års imponerende innsats for uskedalen.no. Då var eit stort publikum til stades. Søndag vart dette fulgt opp då Uskedal Utvikling takka han med ein herleg middag på Oska. Til middagen var også styret og redaksjonsnemnda i U.U. invitert.

Det var leiar i Uskedal Utvikling som leia samkoma. Han ønskte velkommen og takka nok ein gong Mathisen for den enorme innsatsen. Tore Mathiesen hadde også ordet og takka for den gode innsatsen han hadde gjort i bedehusmiljøet, og særleg då med hobbyklubben og Uskedalsposten. Ola Matti Mathisen kvitterte med å gje eit kortfatta seminar om skrivereglar for journalistar.

Elles var det god prat, og ikkje å forgløyma fantastisk mat. Roy Lervåg og SmakifråOska serverte svinkjekar som hadde fått 48 timar i omnen, med marinert sopp, kvitløkskrem, sjysaus og grønsaker. I tillegg var det dessert basert på friske bær og den spesialbrende Oskakaffien. Heilt nydeleg var det! Redaktøren sa det så treffande då han takka for maten:

- Tusen takk for et fortreffelig måltid. Det er uten tvil noe av det absolutt beste jeg har blitt servert i mine 60 år i mediabransjen!

No fungerer Ola Matti Mathisen som redaktør ut juni måned. Då er det 10 år sidan uskedalen.no starta opp, og då har Matti nådd det målet han sette som redaktør. Frå 1.juli har Uskedal Utvikling sagt at ny redaktør vil vera på plass.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.